

Målblomen til trufast nynorsk-kommune

05.03.2013



Det var ingen til å ta imot Målblomen sjølv om årsmøtet gjekk føre seg i Rådhuset. I bakgrunnen Jimmy Næs

Kvinnherad mållag delte under årsmøtet sitt i Rosendal i kveld ut Målblomen 2013 til Kvinnherad kommune utan at det var nokon frå kommunen tilstades for å ta imot blomen. Det heiter i grunngjevinga at Kvinnherad har vore og er ein trufast nynorskkommune og at det sidan det siste vedtaket om nynorsk tenestemål i 1932 ikkje har vore naudsynt å ta opp dette spørsmålet. Det første vedtaket var i 1922 og kommunen er medvitne om dette.



Førebels er det ein viss avstand, men det vert truleg samanslutning til hausten. Til høgre Kriatian Bringedal som leiar Kvinnherad og til venstre Øystein Skjæveland og Gaute Lund som leiar Husnes

Tilsette gjer sitt beste for god målbruk i saksutgreiing og i alt skriftleg informasjonstilfang internt og eksternt. Dette gjeld og målbruk i brosjyrar, på kommmunen si heimeside og i all marknadsføring og omdømmebyggjing.

Overgangen til nynorsk skulemål skjedde alt i 1905 og det er ikkje endra sidan. Nynorsk står sterkt som skulemål og det har ikkje vore reist krav om målbyte. Også nynorsk kyrkjemål og salmesong går attende til tidleg på 1900-talet, påpeika styret.

Den viktigaste saka på årsmøtet var arbeidet for å slå saman Kvinnherad mållag og Husnes mållag, som begge er aktive og har 80 og 60 medlemmar. Husnes var representert i møtet med leiar Øystein Skjæveland og styremedlem Gaute Lund og førebuingane går vidare mot ei endeleg avgjerd og skiping av eit enda meir livskraftig lag til hausten.

Leiinga i Kvinnheradlaget er uendra etter årsmøtet. Kristian Bringedal er leiar og han har med seg Lars Børge Sæberg, Anna Ingeborg Bjørnebøle, Jorunn Toskedal, Arne Sunde og Morten Nygård.

Utgjevinga av Stølsboka har vore eit vellukka tiltak. Dei 600 trykte eksemplara er nesten utseld og boka vart ei populær julegåve. Salet av Godmenne og Kvinnherskringlo held fram.

Under årsmøtet sto Jimmy Næs frå Rosendal for det kunstnarlege innslaget.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen